

Den historiske utviklinga til ord på *-vis*

Del 2: Analysar

Av Torodd Kinn

Substantivet vis, som no tyder 'måte, skikk', har gjeve opphav til tre ulike suffiks: eitt som dannar setningsadverb (t.d. sannsynligvis og heldigvis), eitt som dannar adjektiv med ulike slag tyding (t.d. forskuddsvis og fylkesvis), og eitt som dannar spesialiserte fleirtalsformer (overflodsfleirtal) av målssubstantiv (t.d. tusenvis og massevis). Kvart suffiks er resultat av ein grammatikaliseringsprosess, og artikkelen dokumenterer og analyserer desse utviklingane. Del 1 har kartlagt dei ulike konstruksjonane som vis/-vis har vore nytta i gjennom dei siste 700 åra. Kjeldematerialet der er døme frå Diplomatarium Norvegicum, dei skjønnlitterære tekstane i tekstsamlinga til Dokumentasjonsprosjektet og ekserperte ordbøker. Del 2 drøftar tilhøvet mellom lån frå tysk og heimlege utviklingar og analyserer dei ulike grammatikaliseringsprosessane.

1 Innleiing

Del 1 av denne artikkelen (Kinn 2007) inneheld dokumentasjon av historia til ord på *-vis* frå om lag 1300 til no. Materialet er primært frå norsk og (norsk-)dansk, men svensk språkhistorie er òg trekt inn. Denne todelte teksten kan sjåast på som ein oppføljar til Kinn (2005), som drøftar dei ulike ordtypane sin synkrone status i moderne norsk. Her i del 2 skal eg ta mykje av analysen frå synkroniartikkelen for gjeven, og når det gjeld dei historiske døma, deira kjelder og gjennomgang av forskingslitteraturen, viser eg til del 1.

Denne luten av artikkelen har tre siktemål. Det første er å klarleggje det semantiske utgangspunktet, dvs. den historiske tydinga til substantivet *vis*. Det freistar eg å gjere i avsnitt 2. Det andre er å avklare kva ordtypar og grammatiske konstruksjonar som er lån frå tysk, og kva som er heimlege danningar. Dette er temaet for avsnitt 3. Det tredje er å avdekkje dei mekanismane og motivasjonane som ligg under oppkomsten av dei ulike uttrykkstypene der *-vis* er suffiks, og ikkje sjølvstendig sub-

stantiv. Dette utgjør brorparten av teksten. Avsnitt 4–11 tek fører seg dei ulike uttrykkstypene som følgjer (med døme frå moderne norsk):¹

- 4: måtesadverbial (t.d. *på listig vis*, *på kvinnevis*)
- 5: modaladverb (t.d. *sannsynligvis*, *heldigvis*)
- 6: essiviske adverbial (t.d. *forskuddsvis*, med tydinga ‘som N’)
- 7: distributive adverbial
 - 7.1: interndistributive (t.d. *gruppevis*, ‘fordelt på og i form av N’)
 - 7.2: eksterndistributive (t.d. *fylkesvis*, ‘fordelt på, men ikkje i form av, N’)
 - 7.3: restriktive (t.d. *stedvis*, ‘fordelt på berre somme N’)
- 8: essivar og distributivar som attributt (t.d. *forskuddsvis betaling*, *fylkesvise valg*)
- 9: kvantitative adverbial (t.d. *komme i tusenvis*)
- 10: kvantitative modifierar til substantiv (t.d. *mennesker i tusenvis*)
- 11: kvantitativar i falske partitivar (t.d. *tusenvis av mennesker*)

Tilhøvet mellom dei ulike variantane av *vis/-vis* er eit døme på det som har vore kalla heterosemi, det at “two or more meanings or functions that are historically related [...] are borne by reflexes of the common source element that belong in different morphosyntactic categories” (Lichtenberk 1991: 476) – dvs. “polysemi” på tvers av ordklassar og morfemtypar (røter, avleiings- og bøyingsaffiks). Heterosemi oppstår typisk ved divergens, som fører til “pairs or multiples of forms having a common etymology, but diverging functionally” (Hopper 1991: 24). Divergens heng ofte saman med grammatikalisering, men kan òg t.d. komme av konversjon mellom leksikalske klassar.

Det er lett å konstatere at den synkrone situasjonen er eit resultat av fleire grammatikaliseringssprossar, ettersom ei rot har vorte til fleire ulike suffiks.² Elementet *vis/-vis* har gått gjennom fleire ulike slike sprossar i løpet av få hundreår. Bak dei skjuler det seg meir grunnleggjande endringsmekanismer, og hovudmålet mitt her er å avdekkje desse mekanismane. Berre slik kan ein etter mitt syn få ei forståing av korleis det synkrone mangfaldet har vorte til. Med Harris og Campbell (1995) skal eg rekne med tre grammatiske endringsmekanismer. Dei skriv om syntaktisk endring. Eg utvidar deira tilnærming til å femne om morfologien og tilpassar henne til ein konstruksjonsgrammatisk tenkjemåte, der semantikken er ein integrert del frå morfemnivået og oppover, jf. Croft og Cruse (2004: 257–65). Den første mekanismen er reanalyse, dvs. omtolkning av den syntaktiske/morfologiske eller semantiske strukturen til ein konstruksjon. Dette er ein type endring som i seg sjølv ikkje kan observerast, men som med tida gjerne vert følgd av aktualisering, dvs. formendingar som skaper samsvaret mellom konstruksjonen si form og den nye analysen av han. Den andre mekanismen er ekstensjon, dvs. utviding av domenet for ein konstruksjon (regelutviding).³ Ekstensjonar er endringar som kan observerast, men som ikkje inneber endringar i strukturen til konstruksjonen. Den tredje mekanismen er lån.

Alle mekanismene er relevante i samband med *-vis*. Dei fleste ordtypene og konstruksjonane er dels lånte inn i skandinavisk frå lågtysk og høgtysk og dels utvikla vidare i ein språkkontaktsituasjon. Som grunnlag for analysane av dei skandinaviske utviklingane er det difor naudsynt å avklare kva som er lånt, og kva som er skandinaviske nyskapingar. Eg gjer greie for mykje av dette her, men ei fullstendig avklaring ville ha kravd eit omfattande originalstudium av utviklinga i dei tyske språka over fleire hundre år, og det lyt stå att til framtidig forskning. Eg freistar på dette grunnlaget å forklare grammatikaliseringane og dei andre historiske utviklingane på grunnlag av detaljerte analysar der eg sannsynleggjer ulike tilfelle av reanalyse og ekstensjon og peiker på motivasjonar for desse endringane.

2 Opphavet og tydinga til *vis*

Eg skal ikkje gå inn på formelle etymologiske detaljar her, men syner til etymologiske ordbøker, t.d. Bjorvand og Lindeman (2000: 1059–61). Skandinavisk *vis* ‘måte, skikk’ er nært i slekt med høgtysk *Weise* (eldre òg *Weis*) og lågtysk *wis(e)*, og dei fleste ordtypene på *-vis* ser ut til å vere lånte frå tysk, jf. avsnitt 3. Substantivet *vis* og dei tilsvarande tyske står verbet *vise* ‘syne’ nær, og utgangspunktet for denne ordfamilien er ei indoeuropeisk verbalrot som tyder ‘sjå, finne’. Verbet *vise* er ei kausativ avleiing og tyder ‘få (nokon) til å sjå (noko)’. Substantivet tydde opphavleg noko slikt som ‘noko som ein ser, noko som er synt fram’, jf. DW (bd. 14: 1045): “grundbedeutung ist wohl ‘aussehen, erscheinung’”,⁴ Tamm (1899: 37), som meiner at den opphavlege tydinga må ha vore “synlig företeelse” eller “utseende, sätt att visa sig”, og Torp (1919: 868), som formulerer det som “tilsynekomst, utseende”. Det som ein ser, eller som er synt fram, kan vere eit aspekt ved ei hending (handling, tilstand) eller ein ting i vid forstand (ikkje minst levande vesen og menneske). Dette opnar opp for variantar som ‘utsjånad, framtoning, vere- eller handlemåte’. Den opphavlege tydinga var med andre ord temmeleg vid (noko som er vanleg for uttrykk som vert grammatikaliserte).

Den historiske, hovudsakleg semantiske, analysen eg skal utvikle i denne artikkelen, byggjer på følgjande hypotese: Det ligg ulike tydingsvariantar til grunn for måtes- og modaltydingane til *vis/-vis* på den eine sida og dei essiviske, distributive og kvantitative tydingane til *-vis* på hi. Medan dei første byggjer på ein dynamisk og typisk verbtilknytt tydingsvariant ‘handlemåte, modus agendi’, byggjer dei siste på ein meir statisk og typisk substantivtilknytt variant ‘tilstand, veremåte, modus essendi’ – kva noko er, kva form eller funksjon det har. Desse variantane tillegg eg først og fremst substantiva i dei långjevande tyske språka. Hypotesen inneber at eit essivisk eller distributivt/kvantitativt adverbial med forma *i N-vis* tydde ‘i tilstand (eigenskap, form, funksjon) av N’, dvs. ‘som (ein) N’. Til dømes tydde *i ringvis* ‘i form av ein ring / ringar’ og *i flokkevis* ‘i form av flokkar’. Dersom ein legg til grunn at det substantiviske etterleddet i dei eldste essiviske, distributive og kvantitative samansetjingane hadde ei slik tilstandstyding, vert semantikken til danningane grei å forstå.

Eg finn støtte for polysemihypotesen i DW sitt oppslag for *Weise* (og *-weise*) (bd. 14: 1045–74).⁵ Her er varianten ‘handlemåte, modus agendi’ formulert som “verhaltensweise, handlungsweise” (1046) og meir spesifikt m.a. som “lebensart, sitte, gewohnheit” (s.st.), “form, art, masz, möglichkeit eines geschehens” (1052), “die durch vorschriften und anweisung geregelte form des tuns” (1054) og “masz, vorschrift, gebot, lehre” (s.st.). Varianten ‘tilstand, veremåte, modus essendi’ er uttrykt med omskrivingar som “art, natürliche art, wesensart, natur, seinsweise” (1051) og “natürliche beschaffenheit” (s.st.). I MW sitt oppslag for *wis(e)* (bd. 5: 740–41) er tydinga til substantivet forklart med “Art und Weise”, dvs. helst ‘handlemåte’. Men der er m.a. to døme med adverbialet *in der vullen wise*, og i det eine tilfellet er dette forklart med “wenn sie sich voll getrunken hat” (‘når ho har drukke seg full’). Det høver dårleg å omsetje *wise* med *måte* her. Derimot passar det godt med *tilstand*: Adverbialet tyder ‘i (den) full(e) tilstand(en)’. Støtte for at ‘tilstand’ er ei mogleg utvikling, finn ein dessutan i angelsaksisk, der *wis(e)* m.a. kunne tyde ‘tilstand’ (A-SD: 1240–41).

Ulike tydingsvariantar er gjerne knytte til ulike konstruksjonar. Som vist i del 1 hadde ein særleg på 1500- og 1600-talet ein god del formell variasjon i måtesadverbial med *vis/-vis*: Dei kunne vere innleidde av *paa* (som ser ut til å ha vore vanlegast), (*ud-*)*i* eller *efter*, eller dei kunne vere preposisjonslause. Variasjonen i essiviske og (intern-) distributive adverbial var mindre: Dei byrja med (*ud-*)*i* eller stod utan preposisjon. Liknande tilhøve var det i dei tyske språka, jf. avsnitt 3. Preposisjonsvalet er ulikt fordi det er ulike storleikar som vert relaterte. Ved måtesuttrykk relaterer preposisjonen hendinga og måten (eit aspekt ved hendinga), og ved essivar og distributivar relaterer han ein deltakar e.l. i hendinga og ein tilstand (ei form, ein funksjon eller ein eigenskap) som er eit aspekt ved deltakaren.

3 Lån og språkkontakt

I norrønt er *vis* berre kjent frå *ǫðruvis* ‘på anna vis’. Hellquist (1929: 230) reknar substantivet *vis* mellom dei nedervde orda i svensk. OdS (bd. 27: 207) seier at det ikkje er kjent i dansk før 1400-talet og kan vere eit lån frå mellomlågtysk. Korkje Torp (1919: 868) eller Bjorvand og Lindeman (2000: 1060) nemner at sjølve substantivet skulle vere eit tysk lån.

Om orddanningar på *-vis* i dansk frå reformasjonstida skriv Skautrup (1947: 240) at dei “hovedsagelig er lånt fra eller dannet efter nedertyske adverbier på *-wīs(e)*, ty. *-weise*”. Tilsvarande skriv Tamm (1899: 37) at moderne svenske danningar på *-vis* byggjer “huvudsakligen på efterbildning i nyare tid av lt. adv. på *-wīs(e)* och av nht. adv. på *-weise*”. Lydleg svarer skandinavisk *-vis* nærast til lågtysk *-wīs(e)*, og ikkje høgtysk *-weise*.⁶ Ut frå det ein veit om språkkontakt mellom tyskarar og skandinavar i dei aktuelle hundreåra, dreier det seg vel først og fremst om lågtysk i den eldste tida, seinare mest om høgtysk.⁷ Utviklingstrekkja i skandinavisk utover 1600- og

1700-talet er det i alle høve mest nærliggjande å jamføre med høgtyske utviklingar, ettersom dette språket då har overteke som den viktigaste långjevaren.

Studerer ein litteraturen om tysk sin påverknad på dei skandinaviske språka, finn ein lite om ord på *-vis*, trass i at mange tekstar har oversyn over lån med ulike affiks. Hellquist (1929: 773) skriv: “Även en mängd svenska adverb ha [...] bildats såsom översättningar av högtyska ord, t. ex. på *-vis*, bl. a. *lyckligt-*, *möjligt-*, *naturligtvis* (jfr. ty. *glücklicher-*, *möglicher-*, *natürlicherweise*), *blindvis* (jfr. ty. *blinderweise*) osv. [...]” Det er påfallande at han berre nemner deadjektivale avleiingar her, og ikkje denominale. Andre merknader i litteraturen gjeld oftast einskildord.⁸

Alt i alt ser det ut til at dei fleste eldre morfologiske og syntaktiske konstruksjonane som inneheld *vis/-vis* i skandinavisk, har låg- og høgtyske førebilete eller parallelar. Oftast er det tale om omsetjingslån, men eg vil ikkje utelukke at det kan ha funnest skandinaviske uttrykk (utover *qðruvís*) som var nedervde. Det er heva over tvil at den tyske påverknaden på skandinavisk var sterk frå 1300-talet og i fleire hundre år framover, og uttrykk med *vis/-vis* får ei så klar oppbløming frå 1500-talet med så klare parallelar i tysk at det neppe er til å komme utanom at tysk-skandinavisk språkkontakt har hatt ei sentral rolle. Eg skal peike på ei rad parallelar.

3.1 Måtes- og modaluttrykk

Skandinaviske måtesuttrykk hadde på 1500- og 1600-talet anten form av ein preposisjonsfrase på *paa*, (*ud-*)*i* eller *efter* eller av ein substantivfrase, dvs. typane (*paa*) *listig vis* og (*paa*) *mordervis*. I lågtysk var fleire preposisjonar i bruk: *in* ‘i’, *to* ‘til’, *na* ‘etter’, *bi* ‘ved’, jf. MW (bd. 5: 740–41). Høgtyske preposisjonsfrasar med måtestyding hadde òg varierende preposisjon. Det er *in* ‘i’, *nach* ‘etter’ og *auf* ‘på’ som var dei vanlegaste (jf. Paraschkewoff 1976: 171; DW, bd. 14: 1055–62), dvs. dei semantisk næraste ekvivalentane til nett dei preposisjonane ein finn i skandinavisk. Framfor adjektiv var alle dei tre vanlege, men framfor substantiv ser det ut til at *auf* ikkje har vore vanleg nytta. *Auf* er elles den av dei tre preposisjonane som kom sist i bruk.

Når det gjeld måtesuttrykk utan preposisjon, har Nissen (1884: 51) døme på lågtyske uttrykk som *wontliker wise* (som eg trur må tyde ‘på vanleg vis’ og ikkje ‘vanlegvis’) frå *Braunschweiger Chronik* (med tekstar frå 1400- og det tidlege 1500-talet). Måtesuttrykk utan preposisjon er framfor alt dei som har attributivt adjektiv. Det dreier seg i høgtysk om typen *A-er Weise*, som er ein adverbieell genitiv. På 1500-talet vart måtesuttrykk av denne typen tekne i bruk med eit stadig vidare spenn av adjektiv, jf. Paraschkewoff (1976: 172). I mellomhøgtysk fanst det òg uttrykk av typen *A-e Weise* i adverbieell akkusativ, men desse forsvann på 1500-talet, jf. DW (bd. 14: 1065), og hadde truleg ikkje noko særleg å seie for skandinaviske uttrykk med adjektiv. Etter DW (bd. 14: 1066–67) å dømme var adverbieelle akkusativar med substantiv framfor *Weise* essivar og i liten grad måtesuttrykk. Men i MW (bd. 5: 740–41) er det nokre døme som helst må tolkast som måtesuttrykk, t.d. *pawesewise* ‘på pavevis’.

Med andre ord har alle dei skandinaviske måtesuttrykka med attributivt adjektiv direkte parallellar i tysk. I eit ord som *finthligeruiss* ‘på fiendtleg vis’ (sjå (21) i del 1) er det tyske opphavet tydeleg, med det tyske suffikset *-er* som bindeelement, jf. moderne tysk *feindlicherweise*; *-er* er adjektivendinga i sterkt femininum genitiv eintal. Måtesuttrykk med (*ud-*)i og *efter* og substantiv framfor *vis* har òg klare tyske førebilete. Uttrykk av typen *N vis* har nok hatt lågtyske parallellar, medan typen *paa N vis* kanskje ikkje er lånt frå tysk. Den siste typen kan ha vorte laga i skandinavisk etter mønster av dei tilsvarende typane med adjektiv, altså *paa A vis* (og dei tilsvarende tyske formene).

Framveksten av modale adverb på *-vis* (som *naturligvis* og *heldigvis*) i skandinavisk må sjåast i samheng med ei parallell utvikling i høgtysk. Kontakten mellom tysk og dei skandinaviske språka har utvilsamt fremja parallelle formelle utviklingar. Ifølgje Paraschkewoff (1976) hadde tyske deadjektivale adverb frå først av måtestyding, medan den modale tydinga er ei seinare utvikling. Bruken som måtesadverbial varte ved inn på 1700-talet, men avtok tydeleg på 1800-talet (Paraschkewoff 1976: 187). Det er noko uklart for meg når den modale bruken etablerte seg, men eg tolkar Paraschkewoff slik at det skjedde parallelt med tilbakegangen for bruken i måtestyding, dvs. hovudsakleg på 1700-talet og tidleg 1800-tal. Det er altså langt på veg samanfall i tid mellom den tyske og den skandinaviske utviklinga.⁹

Den skandinaviske skilnaden mellom måtesuttrykk med preposisjon og modaluttrykk utan preposisjon har altså ein parallell i tysk, og det er rimeleg å tru at utviklinga i tysk har hatt mykje å seie for skandinavisk. Ljunggren (1942: 129–30) innrømmer dei tyske danningane ei rolle som førebilete, men han meiner at vekkfaller av preposisjonen er ein tydeleg intern prosess i skandinavisk. Han skil ikkje klart mellom måtes- og modaluttrykk, men meiner å sjå ei utvikling der typen *PA vis* var vanleg i eldre nysvensk, men at det på midten av 1600-talet vart svært vanleg med preposisjonslause uttrykk. Dersom det verkeleg har føregått ei slik utvikling i skandinavisk, er det med på å skape den variasjonen ein ser på 1600- og 1700-talet, men det kan neppe seiast å vere uavhengig av tilhøva i tysk. Og som vist har preposisjonslause uttrykk på denne tida måtestyding, slik at grunnane til det seinare formelle skiljet mellom måte og modalitet truleg må søkjast andre stader enn i dette tidlege vekkfaller av preposisjonen.

3.2 Essiviske, distributive og kvantitative uttrykk

Utviklinga av måtesuttrykk og modaladverb hadde altså klare parallellar i tysk. Det same gjeld essivane. På 1500- og 1600-talet varierte forma deira mellom bruk av (*ud-*)i og preposisjonsløyse, t.d. (*i*) *gesandtsvis* ‘som sendemann’. Ifølgje MW (bd. 5: 740–41) kunne adverbial der *wis(e)* hadde føregåande genitiv, vere innleidde av *in* eller stå utan preposisjon. Døme er *in pelegrimes wise* og *pelegrimes wys*, begge ‘som pilegrim’. Oppslaget for *wis(e)* i MW har berre essiviske døme (og måtesuttrykk), ikkje distributive. I høgtysk, jf. DW (bd. 14: 1065–68), dreier det seg opphavleg om preposisjonsfrasar med *in*, og substantivet framfor *Weise/-weise* står i

genitiv. Det er først tale om frasar med genitivisk attributt, t.d. *in gebots wyse* ‘som påbod’, seinare om samansetjingar og avleiingar. Uttrykk utan preposisjon fanst allereie i mellomhøgtysk, og frå 1500-talet byrja dei å trengje ut dei preposisjonelle uttrykka. Døme er *rings weise* ‘som ein ring’, *kindes weyse* ‘som barn’, *hauffen weise* ‘som hopar, i hopevis’. Det ser altså ut til at den gamle skandinaviske vekslinga mellom *i* og preposisjonsløyse ved essivar var lånt frå tysk. Det seinare vekk-fallet av *i* reflekterer ei utvikling som allereie hadde byrja, og som vart gjennomført i ein situasjon med vedvarande språkkontakt.

I skandinavisk vekslinga òg interndistributivar mellom bruk av (*ud-*)*i* og preposisjonsløyse, t.d. (*i*) *flokkevis*. Andre distributivar mangla konsekvent preposisjon, t.d. *kvartalvis*. Dei kjeldene eg har konsultert, tyder på at begge desse trekka har direkte tyske førebilete, og at preposisjonen fall vekk tidleg i tysk. Under oppslaget for *stückweise* ‘stykkevis, einskildvis’ er det eit døme med *in* frå 1598, men dette er omtalt som ei gammalvoren form. Dei aller fleste døma under oppslaget for *Weise* i DW er essivar. Nokre få er interndistributivar som dels kan tolkast kvantitativt. Dei er utan preposisjon, men det er tale om svært få døme. Der er ingen døme på ekstern-distributivar eller restriktivt distributive uttrykk. Dei siste typane finst i moderne høgtysk òg, og når dei ikkje er handsama i samanheng med *Weise*, tolkar eg det slik at ordboksredaktørane har meint at dei typane av danningar står fjernare frå opphavet enn essivane og interndistributivane. Inntrykket frå skandinavisk av at ekstern-distributivar og restriktive distributivar er yngre (jf. del 1) og difor ikkje har hatt *i*, vert styrkt ved denne overvekta av (særleg) essivar og interndistributivar i tysk.

At skandinavisk derimot framleis har kvantitative adverbial som er innleidde av *i* (som *i hundrevis*), bryt med moderne tysk. Slike adverbial finst ikkje der.¹⁰ Tysk har heller ikkje slike preposisjonsfrasar som etterstilte modifierarar ved substantiv (som *i mennesker i hundrevis*). Falske partitivar med bruk av preposisjon (som *hundrevis av mennesker* eller *bøttevis med vann*) finst heller ikkje.¹¹

Ifølgje DW (bd. 14: 1068) kan ein finne attributiv bruk av denominale adverb i høgtysk sidan tidleg 1700-tal, jf. òg Starke (1973: 141). Som vist i del 1 finst det danske døme frå 1600-talet.

4 Måtesadverbial

Måtesuttrykk med preposisjon er det naturlege utgangspunktet for ein detaljert analyse av dei diakrone utviklingane. Ein slik analyse kan danne eit grunnlag for analysar av både måtesuttrykk utan preposisjon og modaluttrykk. (I essiviske, distributive og kvantitative konstruksjonar vert utgangspunktet for analysen eit anna, jf. avsnitt 6.) Eg skal byrje med måtesadverbial med attributivt adjektiv og nytte setninga i (1) som døme.

- (1) Folket valgte presidenten på demokratisk vis.

Den sentrale tydinga til ei setning er ei hending (i vid forstand; det kan òg vere tale om ei handling eller ein tilstand), typisk primært uttrykt av hovudverbet, her *valgte*. Preposisjonen *på* står for relasjonen mellom hendinga og måtesaspektet av den. Substantivet *vis* står for måtesaspektet. Eksistensen av ein måte føreset at det finst ei hending som måten kan vere eit aspekt ved. Substantivet står altså for ei reifisering av eit aspekt ved hendinga, og hendinga og relasjonen mellom hending og måte er uprofilerte delar av tydinga (jf. Langacker 1987) til substantivet som vert dublerate av hovudverbet og preposisjonen. Tydinga til *vis* er svært generell og inneber ei lite informativ kategorisering. Difor treng ein oftast eit uttrykk som karakteriserer måten nærare. I (1) fyller adjektivet *demokratisk* denne funksjonen ved å kategorisere måten (og dermed hendinga, altså valet) som demokratisk.

I ei setning som (2) er det meste likeins som i (1), bortsett frå skilnaden mellom adjektivisk attributt og substantivisk føreledd. I (2) er det føreleddet *indianer-* som karakteriserer måten nærare. Føreleddet i slike samansetjingar viser til ein kategori som måten er typisk for.

- (2) Gutten satt på bakken på indianervis.

Ved slike måtesadverbial vil det ofte vere slik at setninga uttrykkjer ei samanlikning av ein deltakar i hendinga (i moderne norsk: typisk subjektet) med den typen som føreleddet står for, slik (2) inneber ei samanlikning av guten med ein indianar.

Ideelt sett burde bruken av *på* og eldre (*ud-*)i og *etter* kunne forklarast semantisk. Det er rimeleg at éi mogleg forståing er at ein måte er liksom ein veg som ei hending går framover på, jf. at engelsk *way* har fått tydinga ‘måte’.¹² Det kan forklare bruken av *på*. Bruken av *i* tyder på ei forståing der måten er som ein behaldar som hendinga skjer inne i, altså ein lokalistisk forståingsmåte som er temmeleg lik den førre. Bruken av *etter* kan utan tvil forståast i lys av at *vis* kan tyde ‘skikk’: Ein skikk er noko ein følgjer, eit førebilete som ein handlar etter. Ved alle dei preposisjonelle variantane er det altså tale om metaforiske forståingar av tilhøvet mellom hending og måte.

Med utgangspunkt i analysen av konstruksjonar med preposisjonelle måtesuttrykk er det enkelt å gjere greie for tydinga til setningar med måtesuttrykk utan preposisjon, som i (dei no ugrammatiske) setningane i (3) og (4).

- (3) Folket valgte presidenten demokratisk vis. ‘... på demokratisk vis’
 (4) Gutten satt på bakken indianervis. ‘... på indianarvis’

I desse setningane har måtesuttrykket form av ein substantivfrase. Relasjonen mellom hendinga og måten er ikkje uttrykt direkte, men i substantivet *vis* og substantivfrasen er han ein uprofilert del av tydinga, jf. ovanfor. Substantivfrasen har i

seg sjølv nominal tyding, men i rolla som adverbial i setninga står han for relasjonen mellom hending og måte liksom preposisjonsfrasen gjer det i (1) og (2). Ein har altså å gjere med eit nominalt ledd i adverbiell funksjon, parallelt med t.d. tidsadverbialet i *Hun er her hver fredag*. Det at leddet si tilknytning til verbalhendinga er underforstått i substantivet *vis* si tyding, er med på å få setninga til å henge saman semantisk.

5 Modaladverb

I ei setning som i (5), der adverbet *heldigvis* fungerer som modaluttrykk, er det ein temmeleg annleis semantikk enn den ein har i setningane med måtesadverbial i avsnitt 4.

(5) Passasjeren overlevde heldigvis.


Her karakteriserer adjektivet innhaldet i setningsproposisjonen, og ikkje måten verbalhendinga skjer på: Det at passasjeren overlevde, er heldig.

Utgangspunktet for utviklinga av modaladverba er måtesadverbial som i skandinaviske var utan preposisjon, men i tysk hadde kasusmarkering (genitiv). Endringa rører ved både substantivet *vis* (*Weise*) og adjektivet, og i tysk òg genitiven. Den sentrale endringa gjeld adjektivet. I eit måtesadverbial knyter det seg til måtesnominalet og indirekte til hendinga, dvs. at det karakteriserer måten. Den adjektiviske basen i modaladverbet knyter seg derimot til proposisjonen, dvs. ei endring av argumentstruktur. Endringa er nokså naturleg: Det er kort veg frå å seie at noko skjer på ein heldig måte, til å seie at det er heldig at det skjer. Ofte kan vel talaren meine begge. Det er her tale om såkalla kontekstindusert reanalyse (jf. Heine m.fl. 1991: 65–97), der eit ikkje-inherent tydingselement (her: det at det var heldig at det skjedde) vert omtolka som inherent.¹³ Det er rimeleg å sjå på tydingsendringa ved *vis* som sekundær i høve til endringa ved adjektivet. I uttrykk for måte står substantivet for eit aspekt ved hendinga, men noko tilsvarande aspekt ved preposisjonen er det vanskeleg å tenkje seg. Dermed er *vis* tømt for tyding og står ope for omtolking. Då er det naturleg at det vert tillagt eit tydingselement som er tilgjengeleg, nemleg spesifikasjonen av adjektivet sin argumentstruktur. I dette biletet er det knapt rom for nokon preposisjon, for der er ikkje noko å relatere.

Som nemnt i avsnitt 3 må framveksten av eit formelt skilje mellom måtesuttrykk som *på heldig vis* og modale uttrykk som *heldigvis* i dei skandinaviske språka sjåast i samanheng med utviklinga i tysk. Men at skiljet har vorte som det er, er i tillegg internspråkleg motivert. I ein situasjon der både uttrykk med og utan preposisjon kan uttrykkje måtestyding, og der uttrykka utan preposisjon kan ha modal tyding, er den utviklinga som har skjedd sidan 1700-talet, temmeleg naturleg. I konstruksjonar med måtesuttrykk utan preposisjon har ein eit visst mistilhøve mellom substantivfrasen si ibuande nominale tyding og den relasjonelle tydinga han får i

konstruksjonen, jf. avsnitt 4. Dersom tydinga inneheld ein relasjon mellom hending og måte, er eit uttrykk med ein preposisjon som uttrykkjer denne relasjonen, meir ikonisk enn eitt utan. Om konstruksjonar med ein preposisjon (som opphavleg stod for relasjonen mellom hending og måte) skulle ha modal tyding, ville det vere uklart kva storleikar preposisjonen relaterte til kvarandre, jf. ovanfor.¹⁴ For den modale tydinga vil eit uttrykk utan preposisjon difor vere meir ikonisk enn eitt med. Språkutviklinga har altså ført til ei spalting der både måtestyding og modaltyding er uttrykt av meir ikoniske uttrykk enn dei ein ville ha fått ved alternative utviklingar.

Måtesadverbiala er knytte til verbalhendinga, som i hovudsak er uttrykt av hovudverbet, og dei står naturleg nok typisk etter infinitt verb, dvs. i den delen av setninga som semantisk ligg nærast til hovudverbet. Den endra semantiske tilknytninga til modaladverbet (at det knytter seg til setninga og proposisjonen i staden for verbet og hendinga) er avspegla i den moderne syntaktiske statusen som setningsadverbial – med umarkert plassering mellom finitt og infinitt verb (jf. *har heldigvis overlevd*). I tillegg til denne endringa i syntaktisk funksjon har ein frase vakse saman til eitt ord (*coalescence*).¹⁵ Substantivet *vis* har vorte til eit adverbdannande avleiingssuffiks, og det modifierande adjektivet har vorte til ein morfologisk base for dette suffikset. Endringa er illustrert i figur 1.



Figur 1. Dei syntaktiske og morfologiske endringane ved danninga av modaladverb, t.d. *naturligvis* av *naturlig vis* (st = stamme, avl = avleiingssuffiks)

Suffikset har ei utprega grammatisk tyding. Adjektivbasen tek eit vanleg nominalt argument (som i måtesadverbial), og suffikset endrar argumentstrukturen slik at adjektivet tek ein preposisjon som argument i staden. I ein slik analyse vert suffikset den morfologiske kjernen i adverbet, og dette er rimeleg ettersom det har ordklasseendrande funksjon.

6 Essiviske adverbial

Typisk essiviske adverbial er kjenneteikna av at det substantivet som *-vis* er kombinert med, står for ei kategorisering av referenten til eit anna ledd i setninga. I (6), som no er ein forelda uttrykksmåte, vert referenten til objektet, altså greven, katego-


risert som sendemann. Relasjonen mellom dei to semantiske storleikane som kategoriserer den same referenten ('greve' og 'gesandt'), skal eg kalle samkategorisering, jf. *cocategorization* i Kinn (2001).¹⁶ Slik skil essiviske adverbial seg frå måtesadverbial som i (2), der relasjonen er samanlikning. I ei setning som (7), som likeins er forelda, er essiven knytt til eit ledd i fleirtal, og då får føreleddet i essiven gjerne fleirtalstyding: Grevane var sendemenn.¹⁷

- (6) Kongen sendte greven til Italia (i) gesandtsvis. '... som sendemann'
 (7) Kongen sendte grevene til Italia (i) gesandtsvis. '... som sendemenn'

Den semantiske analysen av essiviske adverbial skal få tene som utgangspunkt for analysen av dei ulike distributivane og av kvantitativane. Nedanfor bruker eg norske døme. Det ville i det store og heile ha vorte likeins med tyske, og tydingsendringane for essivar og distributivar (jf. avsnitt 7) er felles med tysk. Kvantitativane har derimot ei særskandinavisk utvikling, jf. avsnitt 9–11. For at det skal vere mogleg å gjere greie for dei ulike tydingane og tydingsendringane, må analysane verte temmeleg detaljerte og skilje ut frå kvarandre ei rekkje tydingselement. Som hjelpemiddel skal eg difor nytte uformelle visuelle semantiske representasjonar. Dei er inspirerte av dei ein finn i kognitiv grammatikk hos Langacker (1987, 1991), men er tilpassa føremåla mine her.¹⁸ Firkantar står for ulike nominale storleikar og linjer for relasjonar. Eg utstyrer ein del av dei semantiske elementa med merkelappar som fortel kva slag tydingar det er tale om, eller kva uttrykksstorleik som står for dei.


6.1 Essiviske adverbial med preposisjon

Dei relevante delane av den preposisjonelle varianten av ei setning som (6) er representerte semantisk i figur 2. Objektet *greven* kategoriserer eit individ som greve (i figuren: firkanten med "A-individ greve"). Preposisjonen *i* (den skrå linja) relaterer dette individet til ein tilstand, uttrykt av etterleddet *-vis* ("tilstand *-vis*"). Føreleddet *gesandts-* karakteriserer tilstanden: Det er éin som kjenneteiknar sendemenn ("B-individ *gesandt*"). Grevan er altså i ein tilstand av sendemann. Dette er om lag det same som å seie at han er sendemann: Objektet *greven* og føreleddet *gesandts-* kategoriserer det same individet. Det vil seie at A- og B-individet i figuren representerer same referent. Dette utgjer samkategoriseringsrelasjonen (linja med "samkat").



Figur 2. Essivisk konstruksjon med *i* og eintalstyding: *greven ... i gesandtsvis*

Tydinga til *grevene ... i gesandtsvis*, som i (7), er representert i figur 3. Objektet *grevene* har fleirtalstyding, og det får føreleddet *gesandts-* òg, utan at ordet i seg sjølv har slik tyding. Samkategoriseringsrelasjonen knyter her saman to mengder (i figuren: firkantane med “A-mengd PL” og “B-mengd”). Kvar av desse er relaterte til medlemmene sine (“A-individ* *greve*” og “B-individ* *gesandt*”; asterisken markerer at desse tydingselementa står for fleire individ kvar). Kvar A-individ (kvar greve) er referensielt identisk med eit B-individ (ein sendemann); dette er ein sekundær samkategoriseringsrelasjon som ikkje er essensiell for den essiviske konstruksjonen.¹⁹



Figur 3. Essivisk konstruksjon med *i* og fleirtalstyding: *grevene ... i gesandtsvis*


Denne fleirtalsanalysen kan gjerne verke overdrive omstendeleg, men detaljane trengst i analysane nedanfor av distributive og kvantitative konstruksjonar. Eg skal halde meg til konstruksjonar der ordet på *-vis* (anten det no er ein essiv, ein distributiv eller ein kvantitativ) har fleirtalstyding og er knytt til eit ledd med fleirtalstyding. Dette inneber ei sterk forenkling som er naudsynt av plassomsyn, men analysane kan utvidast til andre tilfelle (t.d. ikkje-teljelege uttrykk). Fleirtalstydinga er i alle høve kjenneteiknande for både distributivar og kvantitativar (men fakultativ for essivar).

Så lenge essiven følger etter *i*, dreier det seg om eit samansett substantiv (ev. ein frase) der *vis* har tilstandstyding. Preposisjonen *i* står for relasjonen mellom det som er i tilstanden, og tilstanden sjølv. Bruken av *i* er her metaforisk: Han byggjer på omgrepsmetaforen “Ein tilstand er ein behaldar”, som er éin av mange variantar av behaldarmetaforen (jf. Lakoff og Johnson 1980: 29–32). I ei setning som *Jentene er i godt humør* ser ein den same metaforen.

6.2 Essiviske adverbial utan preposisjon


I preposisjonslause konstruksjonar er den syntaktiske og morfologiske strukturen heilt annleis (jf. nedanfor), og tilhøvet mellom uttrykk og tyding er endra på fleire punkt. Endringa må skyldast ein semantisk reanalyse. Utgangspunktet er truleg at tilstandstydinga til *-vis* og dei tilsvarende tyske substantiva har vorte uklar for språkbrukarane. Det er tenkjeleg at ei svekking av tydinga til *-vis* heng saman med ei utvikling der substantivet i sjølvstendig bruk i aukande grad vart spesialisert i retning av ‘handlemåte’ (‘modus agendi’), slik ein ser at det faktisk har skjedd i moderne tysk og skandinavisk.

Tilstandstydinga er temmeleg abstrakt – uttrykka *i* og *-vis* tener begge i hovudsak til å knyte saman dei samkategoriserte elementa. Det er samkategoriseringa som er det viktigaste tydingselementet, men det har opphavleg ikkje noko eige uttrykk. Difor er det naturleg at språkbrukarane tilordnar dette tydingselementet eit uttrykks-element. Sidan *-vis* har ei uklar tyding, er det den fremste kandidaten. Uttrykket vert overført frå eitt tydingselement (som samtidig meir eller mindre forsvinn) til eit anna i det same tydingskomplekset (frå ‘tilstand’ til ‘samkategorisering’), dvs. at vi har å gjere med ein metonymi. Semantikken til den nye konstruksjonen er synt i figur 4, for *grevene ... gesandtsvis*, som i (7).



Figur 4. Preposisjonslaus essivisk konstruksjon med fleirtalstyding: *grevene ... gesandtsvis*

I omstruktureringa som fører til den nye preposisjonslause konstruksjonen, vert samkategoriseringa omtolka som tydinga til *-vis*, som altså har vorte omdanna frå eit nominalt til eit relasjonelt uttrykk. Preposisjonen *i* har etter dette ikkje lenger noko å relatere og kan falle vekk utan semantiske konsekvensar. Dette er ei aktualisering som følgjer av reanalysen; ho skaper betre samsvar mellom uttrykket og den nye semantiske strukturen ved at eit semantisk tomt uttrykk forsvinn. Ifølgje denne rekonstruksjonen av dei historiske endringane er det den semantiske reanalysen som motiverer dei morfologiske og syntaktiske omkategoriseringane og vekkfallet av preposisjonen. Det er vanskeleg å sjå at endringa kan ha vore syntaktisk motivert; den opphavlege syntaktiske strukturen var utvitydig. Dei formelle endringane er synte i figur 5.²⁰ Omtolkinga rører først og fremst ved den substantiviske rota *vis*, som vert omkategorisert som eit adverbialt avleiingssuffiks. Den substantiviske samansetjinga er vorten ei adverbiell avleiing med suffikset som morfologisk kjerne, og substantivfrasen har vorte ein adverbfrase. Vekkfallet av preposisjonen inneber at det ikkje lenger finst nokon preposisjonsfrase.



Figur 5. Dei syntaktiske og morfologiske endringane ved danninga av essiviske adverb, t.d. *gesandtsvis* av *i gesandtsvis* (st = stamme, avl = avleingsuffix)

I (6) og (7) er adverbialet (*i*) *gesandtsvis* knytt til objektet. Tilknytning til subjekt og objekt har vore vanlegare før enn det er no. Ein del moderne essivar, som *eksempelvis* og *anslagsvis*, er helst metatekstuelle: *Eksempelvis* kategoriserer (ein del av) ytringa som eit eksempel, og *anslagsvis* seier at eit tal i ytringa er eit anslag, jf. Kinn (2005). Nokre essivar, som t.d. *avslutningsvis*, har vorte metonymisk vidareutvikla frå essivisk tyding (‘som avslutning’) til temporal tyding (‘i avslutninga’). I det heile utgjer ikkje essivane nokon einsarta klasse i moderne norsk, og klassen er lite produktiv.

7 Distributive adverbial

Analysen av essivar dannar grunnlag for å analysere konstruksjonar med interndistributivar. Det gjer eg i avsnitt 7.1. I avsnitt 7.2–3 analyserer eg konstruksjonar med dei andre distributivtypene, og eg set fram hypotesar om at eksterndistributivane er vidareutviklingar frå interndistributivane, og dei restriktive distributivane vidareutviklingar frå eksterndistributivane.

7.1 Interndistributive adverbial

Interndistributivane kan sjåast på som ein type essivar, ettersom det som er distribuert, utgjer fordelingseiningane. Til dømes er soldatane i (8) sjølv rodene; det er ein samkategoriseringsrelasjon mellom soldatmengda og rodemengda. (Ei rode er ei lita militæravdeling.)


(8) Soldatene marsjerte gjennom byen (i) rodevis. ‘... rodevis; ... rode for rode’

I moderne norsk vil preposisjonen normalt mangle her. Føreleddet i dei opphavlege

interndistributive samansettingane, dvs. basen i dei seinare adverbale og adjektiva, er normalt eit målssubstantiv (eller eit “vanleg” substantiv som er nytta som målssubstantiv). Eit døme er *rode*, andre er *flokk*, *bøtte*, *porsjon*, *dråpe*. Kvantitativane, som eg handsamar i avsnitt 9–11, er likeins danna av målssubstantiv.

7.1.1 Grunnlag: tydinga til målssubstantiv

Målssubstantiv har ei meir kompleks tyding enn substantiv flest, og denne er avgjerande for analysen av interndistributivar og kvantitativar. I begge desse ordtypene er det fleirtalstydinga til målssubstantiva som er aktuell. Som grunnlag for analysane av interndistributive og kvantitative konstruksjonar med *-vis* er det difor nyttig å sjå korleis “vanlegare” konstruksjonar med målssubstantiv kan analyserast, jf. Kinn (2001). Best eigna er uttrykk med talsubstantiv, fordi dei får fram aritmetiske relasjonar på ein klar måte. Tydinga til *tre millionar menneske* er representert i figur 6.




Figur 6. Tydinga til ein konstruksjon med målssubstantiv i fleirtal: *tre millionar menneske*

Denne tydinga har mange fellestrekk med dei essiviske konstruksjonane i figur 3 og 4, men det er òg viktige skilnader. Som ved essivane har ein samkategorisering mellom to mengder: Artssubstantivet *menneske* og målssubstantivet *millionar* refererer til den same storleiken, men kategoriserer han på ulike måtar: som menneske (i figuren: A-komplekset) og som millionar (B-komplekset), dvs. einingar som sjølv er mengder med ein million medlemmer kvar. Alt etter korleis ein kategoriserer, vert kardinaliteten (heiltalsverdien; i figuren: K) ulik (jf. Hurford 1987: 132–41): Den til menneske er $|3\ 000\ 000|$, medan den til millionane er $|3|$. Ettersom kardinalitetane til mengdene er ulike, kan det ikkje vere noko ein-til-ein-forhold mellom individa i dei, dvs. menneske og millionane, slik tilfellet er for *grevene ... (i) gesandtsvis* ovanfor. Derimot svarer kvar million til ei delmengd av menneskemengda (“A-delmengd*”), og kvar slik delmengd har ein kardinalitet på $|1\ 000\ 000|$. Her er det altså ikkje samkategorisering på individnivået, men derimot individuering og distribusjon: Millionindividua individuere fleire delmengder av menneske (“indiv*”), og det er éin distribusjon av menneske over millionar (“distr”). Mellom kardinalitetane til B-mengda, A-delmengdene og A-mengda er det ein treverdig aritmetisk relasjon,

nemleg multiplikasjon (ikkje representert), der deltakarane er høvesvis multiplikatoren, multiplikanden og produktet: $3 \cdot 1\ 000\ 000 = 3\ 000\ 000$. Ved andre måls- substantiv kan ein ha ikkje-teljelege artsmengder, som i *tre desiliter vann*, men det meste er som i figur 6; det gjeld samkategoriseringa, delmengdene, individueringa og distribusjonen – og multiplikasjonen: $3 \cdot 1\ \text{dl} = 3\ \text{dl}$.

7.1.2 Interndistributive adverbial med preposisjon

Figur 7 syner tydinga til ein interndistributiv konstruksjon med preposisjonen *i*, meir spesifikt *soldatene ... i rodevis*, som i (8). Denne er nokså parallell til den essiviske konstruksjonen i figur 3; den tilførte kompleksiteten kjem av tydinga til målssubstantivet. Så lenge den distributive konstruksjonen er preposisjonell, må distributiven reknast som eit samansett substantiv der *-vis* tyder ‘tilstand’, på same måte som ved essivane. Vidare står preposisjonen *i* her òg for relasjonen mellom det som er i tilstanden, og tilstanden sjølv. (Kvantiteten “K: rode” svarer til kardinaliteten |1 000 000| ved *millioner* i figur 6: ‘så mange individ som det er i ein rode’.)




Figur 7. Interndistributiv konstruksjon med *i*: *soldatene ... i rodevis*

Intern distribusjon skil seg frå typisk kvantitative konstruksjonar (som *tre millioner mennesker*, jf. figur 6) framfor alt ved at korkje A- eller B-mengda treng å ha nokon spesifisert kvantitet, og multiplikasjonsrelasjonen manglar: I (8) er det ikkje klart kor mange roder eller soldatar det er tale om, berre at soldatane er fordelte over og utgjør roder.

7.1.3 Interndistributive adverbial utan preposisjon

Preposisjonslause interndistributivar skil seg frå dei preposisjonelle både semantisk og formelt (morfologisk og syntaktisk). Figur 8 representerer tydinga til ein interndistributiv konstruksjon utan preposisjon, som *soldatene ... rodevis* i (8).



Figur 8. Preposisjonslaus interndistributiv konstruksjon: *soldatene ... rodevis*

Vekkfallet av preposisjonen må byggje på ein semantisk reanalyse som dels er parallell med den eg har skildra for essivane, dels har særtrekk som skil distributivane frå essivane. For det første må tydinga til *-vis* ha vorte uklar for språkbrukarane, på same måte som ved essivane. Før omtolkinga er både samkategoriseringa, individueringa og distribusjonen tydingselement som ikkje er klart uttrykte av noko bestemt formelement. Av desse er det den distributive relasjonen som må seiast å vere det viktigaste tydingselementet, og det er naturleg at *-vis* får denne tydinga. Som ved essivane er tydingsendringa ein metonymi (frå ‘tilstand’ til ‘distribusjon’), men overføringa har altså eit anna mål. At *-vis* i distributivar står for den distributive tydinga heller enn samkategoriseringa eller individueringa, vert tydeleg ved vidareutviklinga til andre typar distributivar, der dei sistnemnde tydingstrekka har falle vekk, jf. avsnitt 7.2–3.


Preposisjonen fell vekk av same grunn som ved essivane, dvs. som del av aktualiseringa av reanalysen. Dei formelle endringane som følgjer av den semantiske reanalysen og preposisjonsvekkfallet, er dei same ved interndistributivane som ved essivane, jf. figur 5.

7.2 Eksterndistributive adverbial

Figur 9 syner tydinga til ein eksterndistributiv konstruksjon som i (9), for *resultatene ... klassevis*.

- (9) Eksamenresultatene er presentert klassevis.

Eksterndistributiv semantikk er ein del enklare enn den interndistributive. Hovudskilnaden er at det ikkje er nokon samkategoriseringsrelasjon mellom A-mengda (her: resultatata) og B-mengda (klassane): Resultata er ikkje klassar. Difor manglar òg individueringa og den kvantitative spesifikasjonen av A-delmengdene. Den semantiske rolla til B-komplekset er ikkje uttrykt – det distributiven uttrykkjer, er at fordelingseiningane (B-individa) kvar for seg står i eit visst tilhøve til noko anna.



Figur 9. Eksterndistributiv konstruksjon: *resultatene ... klassevis*

Figur 9 syner den eksterndistributive semantikken som liknar mest på den interndistributive: Eit distributivt tilhøve til ei fleirtalstyding, dvs. at adverbialet er knytt til eit nominalt ledd. Men det er ikkje alltid slik ved eksterndistribusjon. Det distributive adverbialet kan t.d. vere knytt meir direkte til verbet, som i (10).

(10) Forholdene endrer seg sprangvis.

Her står *-vis* for den distributive relasjonen mellom ei repetert eller på annan måte fordelt hending (endinga) og fordelingseiningane (spranga).

Det ser ut til å vere mest rimeleg å rekne med at eksterndistributivane er ei vida-reutvikling frå interndistributivane. Dersom dette er rett, byggjer eksterndistributivane på ei allereie etablert distributiv tyding for *-vis*, og nyskapinga inneber at samkategoriseringselementet fell vekk. Samkategorisering ved intern distribusjon vert analysert som eit ikkje-inherent trekk, og dermed kan denne tydinga utelatast slik at ein får eksterndistribusjon. Når eit semantisk element fell vekk, vert tydinga meir generell – ekstensjonen vert større. Difor kan ein òg få ekstensjon av distributive konstruksjonar i historisk forstand, ettersom dei distributive avleiingane ikkje treng å knytast til noko nominalt (tydings-) element lenger.

Det er minst to forhold som indikerer at eksterndistributivane er utvikla frå interndistributivane. For det første ser det ut til at eksterndistributivane er yngre enn dei interne, jf. del 1: Interndistributivane fanst allereie i første halvta av 1500-talet, medan dei eldste døma på eksterndistributivar som eg har funne, er godt over 100 år yngre. Døma i DW tyder òg på at interndistributivane er eldst. For det andre er det ein formell skilnad mellom eksterndistributivane og interndistributivane: Dei eksterne ser ut til å ha vore nytta berre utan preposisjon, medan dei interne varierer mellom bruk av (*ud-*)i og preposisjonsløyse. Varianten med preposisjon er tidleg i ferd med å forsvinne, slik at ei utvikling av eksterndistributivar frå interne nokså naturleg ville føre med seg at eksterndistributive konstruksjonar mangla preposisjonen.

Dersom utviklinga derimot ikkje har utgangspunkt i interndistributivane, vil det seie at eksterndistributivar som t.d. *kvartalsvis* i (11) må byggje direkte på ein gammal tydingsvariant av *-vis*.

(11) Inspektøren besøker avdelingen kvartalsvis.

I så fall kan ikkje dette vere varianten ‘tilstand’, som eg har rekna med for essivar og interndistributivar, for ‘kvartal’ er ikkje ein kategori som nokon annan deltakar vert tilordna: Her er det tale om vitjingar som er fordelte éi i kvart kvartal, men vitjingane er ikkje kvartala. Alternativet til ‘tilstand’ er ‘måte’, dvs. at *-vis* står for eit hendingsaspekt liksom ved måtesadverbiala, jf. avsnitt 4. I så fall har *kvartalsvis* opphavleg tydd ‘[Noko vert gjort på] ein måte som har å gjere med kvartal’. Det er ikkje noko semantisk til hinder for eit slikt opphav, men dei formelle tilhøva vert mindre forklarlege. Som vist i del 1 var det normale i det relevante tidsrommet at måtesadverbial var innleidde av ein preposisjon (*pa*, (*ud-*)*i* eller *efter*). Rett nok har det òg funnest preposisjonslause måtesadverbial, men dei vart tidleg mindre vanlege. Om opphavet til dei eksterndistributive adverbiala hadde vore å finne i måtesadverbiala, skulle ein vente å finne sterkare formelle likskapar enn dei ein faktisk finn.

7.3 Restriktivt distributive adverbial

Som det går fram av del 1, kan dei restriktive distributivane (t.d. *delvis*, *stedvis*, *tidvis*) sjå ut til å vere den yngste distributivtypen. Det stemmer godt overeins med hypotesen om at dei eksterne distributivane er utvikla frå dei interne, for restriktivt distributiv tyding er ein særtype av den eksterndistributive. Det verkar rimeleg å rekne med at restriktivt distributive konstruksjonar byggjer på ikkje-restriktive eksterndistributive, og at dei difor er yngre.

Fordelingseininga i ein typisk restriktiv distributiv er gjerne av ein slik art at fordelinga i seg sjølv er triviell. Til dømes er fordelinga over tider i (12) sjølvsgd. Det at fordelinga er avgrensa til somme av tidene, gjer at adverbialet likevel er reelt informasjonsberande.

(12) Tidvis var revyen underholdende.

Her er tidene (dvs. B-mengda) delt i to delmengder, der medlemmene i berre den eine står i eit distributivt tilhøve til hendinga.

8 Essivar og distributivar som attributt

Som vist i del 1 finst det døme på bruk av essivar som attributt til substantiv frå før 1650, og det er heller ikkje av ny dato at distributivane vert nytta slik. Norde (2005) dokumenterer aukande attributiv bruk i svensk. På grunn av den attributive bruken er begge typene synkront klassifiserte som adjektiv i Kinn (2005); som andre adjektiv kan dei òg brukast adverbialt. Det som skil dei frå andre adjektiv, er at dei tidlegare (som gruppe) har vore adverb, og at dei fleste av dei truleg er oftare brukte som adverbial enn som attributt.

At dei opphavlege adverb på *-vis* har vorte tekne i bruk som adjektiv, er noko som knapt treng forklaring. Det er heilt typisk i skandinavisk at dei same uttrykka vert nytta attributivt (med adjektivbøying, t.d. *en vakker sang*) og som adverbial (med forma for ubunde nøytrum eintal, t.d. *Hun synger vakkert*). Utvidinga av funksjonsområdet til essivane og distributivane er utvilsamt ein ekstensjon av dette vel-etablerte mønsteret.

Når adverb har vorte adjektiv, har suffikset samtidig gått frå adverblielt til adjektivisk avleiingssuffiks. Norde (2005) nemner i sluttordet sitt at utviklinga frå adverb til adjektiv kanskje kan reknast som degrammatikalisering, primært fordi ubøyelege ord vert bøyelege. Elles i artikkelen her nyttar eg omgrepet 'grammatikalisering' om utviklingar som morfem går gjennom (som konstituentar i grammatiske konstruksjonar), medan det ser ut til at Norde meiner at degrammatikaliseringa gjeld ordtypen. Ein vidare diskusjon av dette spørsmålet ville krevje ei utgreiing om grensene for fenomenet grammatikalisering og degrammatikalisering, og det vil eg ikkje gå inn på her.

9 Kvantitative adverbial


På 1600-talet er dei kvantitative adverbiala neppe til å skilje frå dei interndistributive. Opphavet er preposisjonsfrasar med *i* og samansette substantiv. Ein semantisk analyse av ein kvantitativ konstruksjon som i (13) vil difor i utgangspunktet ha viktige fellestrekk med analysen av interndistributivar med preposisjon (jf. avsnitt 7.1.2), og dermed med analysen av essivar med preposisjon (jf. avsnitt 6.1).

(13) De drepte mennesker i tusenvis.

Det har vore vanleg å rekne kvantitativane som adverb, men Kinn (2005) argumenterer for at dei er bøyingsformer av målssubstantiv, jf. nedanfor. Det er nok rettast å seie at både interndistributivane og kvantitativane er utvikla direkte frå dei samansette substantiva (som hadde distributiv tyding), men med nær samanheng mellom typene. Dersom dette er rett, har kvantitativane aldri vore adverb. Om eit adverblielt mellomstadium skulle ha eksistert, måtte det tyde at preposisjonen *i* først forsvann då distributivane vart adverb, og så vart innført att ved kvantitativane. Det er inkje i materialet mitt som tyder på ei slik todelt utvikling. Ein hadde eit stadium med veksling mellom preposisjonelle og preposisjonslause adverbial med interndistributiv tyding, og medan den distributive tydinga vart knytt til dei preposisjonslause uttrykka, voks det fram ei overflodstyding som vart knytt til dei preposisjonelle.

Semantikken til eit uttrykk som *mennesker ... i tusenvis* er representert i figur 10. Det spelar lita rolle for den semantiske analysen om preposisjonsfrasen i (13) er eit sjølvstendig adverbial eller konstituent i substantivfrasen som fungerer som objekt, så figuren gjeld for *mennesker i tusenvis* som éin frase òg. Tydinga liknar mykje på den gamle interndistributive tydinga til *soldatene ... i rodevis* (jf. figur 7). Menneska

utgjer og er fordelte over tusen-mengder (jf. bokmål *tusener*); uttrykka har både essivisk og distributiv tyding. Sjølv om kvantitative adverbial syntaktisk ikkje skil seg frå dei gamle interndistributive, er tilordningane mellom uttrykks- og innhalds- sida likevel noko endra, og det er den morfologiske strukturen òg (jf. nedanfor).



Figur 10. Kvantitativ konstruksjon med *i*: *mennesker ... i tusenvis og mennesker i tusenvis*

Her òg er det tale om ein semantisk reanalyse. Den viktigaste endringa er i tydinga til *-vis*. Det er rimeleg å gå ut frå at tilstandstydinga i utgangspunktet har vore svekt (jf. analysen av essivane og interndistributive i avsnitt 6 og 7.1), dvs. at det substantiviske etterleddet har hatt ei uklar tyding for språkbrukarane. Eg har sett fram hypotesar om at sentrale tydingselement som opphavleg var utan eigne klare tilsvar på uttrykkssida, har vorte tilordna dette “ledige” formelementet: I essivane var samkategoriseringa den viktigaste tydinga utan uttrykk, og *-vis* vart tilordna denne, medan distribusjonen hadde ei tilsvarande rolle ved distributive, der *-vis* har fått distributiv tyding. Men det var endå ei sentral tyding utan eigne uttrykk i dei gamle distributive konstruksjonane med *i*, nemleg fleirtalstydinga til føreleddet i det samansette substantivet på *-vis*, jf. B-mengda i figur 7. I kvantitative har *-vis* vorte tilordna denne tydinga. Igjen er det tale om ei metonymisk tydingsoverføring.

Når overflodstydinga veks fram frå den distributive tydinga, skjer det slik: Det at arten er fordelt over fleire einingar, vil seie at det er ei ikkje altfor lita mengd av han. Når det er tale om måleiningar og dei ikkje er små, vil det vere slik at det finst mykje av det fordelt; det finst i overflod. I byrjinga har ikkje dette vore ein del av sjølve tydinga til distributive adverbial. Men etter kvart har språkbrukarane oppfatta overflodstydinga som ein ibuande del av tydinga til adverbiala. Ei kontekstuell tyding har vorte inherent.

Tydinga til preposisjonen *i* har vorte ein relasjon mellom arten og målet, den same som ein har i *mennesker i tusener*. Den semantiske endringa er lita, ettersom dette òg er ein metaforisk behaldarrelasjon. Bruken er knytt til omgrepsmetaforen “Ein kvantitet er ein behaldar”: I (13) er tusena noko som menneska er inne i. Behaldarmetaforen for kvantitet er handsama i Kinn (2001).


Kvantitative har på eit tidleg stadium vorte assosierte med substantiv på *-tal*

og med ubunde fleirtal av målssubstantiv – jf. moderne norsk *Turistene kommer dit i tusevis/tusentall/tusener*. I OædS er det få gode døme på kvantitativar, og i dei eldre tekstane i Dokumentasjonsprosjektet er det heller ikkje mange. Vanlegare på 1500- og 1600-talet er uttrykk på *-tal*, som i (14)–(16), som alle er frå Dorothe Englebretsdatter.²¹ Parallelliteten i struktur mellom desse konstruksjonane og konstruksjonar med *i N-vis* og kvantitativ overflodstyding er tydeleg.

- (14) At dødsens Angst med Taare-Sved udtipper, J Tusind Tal. [dvs. ‘tårer i tusental’] [1678]
 (15) Om der i flocke-tal kom frem Ni og Halfemtsens Tiuffve [dvs. ‘99’], Som stoled paa selff hellighed [1678]
 (16) da vedsker saa hans Øyen, At Vand i Hobe-tal far ud som aff en Elff [1685]

Det opphavlege samansette substantivet har med dette vorte ei bøyingsform av det målssubstantivet som var føreledd. Føreleddet har vorte basen for bøyingsforma. At kvantitativane bør reknast som bøyingsformer av målssubstantiv i moderne norsk, er utførleg drøfta i Kinn (2005) og skal ikkje grunnjevast vidare her. Men kvantitativane har ikkje vanleg fleirtalstyding – *millionvis* har ikkje akkurat same tyding som *millioner*, og likeins er det med *månedvis* i høve til *måneder*. Kvantitativane har ei spesialisert overflodstyding og kan seiest å vere eit døme på det typologisk sjeldne bøyingsstrekkekket overflodsfleirtal (*plural of abundance*), jf. Corbett (2000: 30–35).

Utviklinga av kvantitative adverbial inneber ikkje noka syntaktisk endring i streng forstand. Den morfologiske analysen vert derimot endra som synt i figur 11. Etterleddet *-vis* vert bøyingsuffiks, og samansetjinga vert ei bøyingsform.



Figur 11. Dei morfologiske endringane ved danninga av kvantitativar (st = stamme, bøy = bøyingsuffiks)

10 Kvantitative modifierarar til substantiv

At opphavlege adverbial av typen *i N-vis* vert tekne i bruk som etterstilte modifierarar til substantiv (dvs. i frasar som *mennesker i tusevis*), er ei svært naturleg utvikling. For det første er det vanleg at preposisjonsfrasar som kan fungere som

adverbial, òg kan fungere som modifierarar til substantiv (jf. *Hun fløy til Paris* vs. *flyturen til Paris*). Det vil seie at det har eksistert ein klar modell for ekstensjon av bruksområdet for dei kvantitative preposisjonsfrasarane. For det andre inneheld denne ekstensjonsmodellen meir spesifikke førebilete, ettersom tilsvarande frasar med ord på *-tal(l)* kan nyttast likeins (*mennesker i tusentall*), og det same gjeld ubunde fleirtal (*mennesker i tusener*). Når *i N-vis* kan brukast som same slag adverbial som dei to andre typane, er det eit svært lite steg å la den nye typen få den same funksjonen som hine i substantivfrasar òg.

For det tredje har tilhøva lege vel til rette for syntaktisk reanalyse. Som synt i del 1 kan det ofte vere vanskeleg å avgjere om ein postverbal sekvens *N i N-vis* er éin eller to konstituentar, dvs. berre objekt eller objekt pluss adverbial – dei semantiske relasjonane er identiske. Det er rimeleg at strukturar som den i (17), der adverbialet er semantisk knytt til objektet, kan ha vorte omtolka til strukturar som den i (18), der leddet er adnominal modifierar og del av objektet.

(17) Hun solgte [fløte] [i pottevis].

(18) Hun solgte [fløte [i pottevis]].

Eg har skissert to forklaringsmodellar for den innovasjonen som bruk av *i N-vis* som modifierar til substantiv er: ein ekstensjonsmodell og ein reanalysemodell. Eg ser ingen grunn til å velje den eine modellen og utelukke hin, for det er svært truleg at dei to har verka saman. Jamvel om ekstensjon og reanalyse er prinsipielt ulike endringsmekanismer, er det inkje i vegen for at begge er til stades i ei endring, jf. Harris og Campbell (1995: 322). Di fleire slag motivasjon det finst for ei språkenndring, di lettare vil ho verte gjennomført.

11 Kvantitativar i falske partitivar

Den mest særprega syntaktiske innovasjonen som skal handsamast her, er skapinga av frasar som *tusenvis av mennesker* i løpet av 1800-talet og typen *bøttevis med vann* (med annan preposisjon) på 1900-talet. Dette er døme på såkalla falske partitivar, med eit målssubstantiv og eit artssubstantiv, liksom i *tre millioner mennesker* og *en flokk (av/med) sauer*.

Ein semantisk representasjon vil sjå ut nesten akkurat som i figur 10. Unnataket er at *av/med*, og ikkje *i*, er uttrykket for samkategoriseringa. Preposisjonane påfører dessutan samkategoriseringsrelasjonen ulike asymmetriar (ikkje representerte): Preposisjonen *i* tek A-mengda (arten) som første argument (dvs. som figur) og B-mengda (målet) som andre argument (grunn), medan det er omvendt med *av* og *med*, jf. avsnitt 9 og nedanfor.

Western (1921: 60) drøftar vanskar med å analysere frasar som *massevis av mennesker* nytta som subjekt. Ettersom han ser på *massevis* som eit adverb, slik det har vore vanleg i den norske tradisjonen, og *av mennesker* er ein preposisjonsfrase, inne-

held ikkje frasen noko ledd som skulle kunne fungere som kjerne i eit nominalt ledd. Som Kinn (2005) syner, er ikkje dette nokon anomali om ein ser på *massevis* som ei bøyingsform av målssubstantivet *masse*. Tvert om er likskapen med uttrykk som *masser av mennesker* slåande både formelt og semantisk.

Hansen (1933: 8–9) nemner setninga *i hundredvis af mennesker tog i skoven* og kallar subjektet (*i hundredvis af mennesker*) ei samanblanding av *hundreder af mennesker* og *mennesker i hundredvis*. Han reknar uttrykksmåten som uriktig i samtidig dansk, men reknar med at det vil verte korrekt dansk med tida. Han nemner òg ei setning med subjektet *Tusindvis af Danske* og reknar det som samanblanding av *Tusinder af Danske* og *Danske i Tusindvis*. Hansen har utvilsamt avdekt sentrale delar av opphavet til den nye konstruksjonen, og Kinn (2004) skisserer ein ekstensjonsmodell. Medan både ord på *-tal(l)* og ubundne fleirtalsformer har spelt med i dei eldre utviklingane (jf. avsnitt 9–10), kjem berre fleirtalsformene inn i biletet her. Falske partitivar med kvantitativar må helst ha vorte danna etter førebilete av falske partitivar med ubunde fleirtal og på bakgrunn av at ordtypane fungerer likt i andre kontekstar. Når ein parallelt med t.d. *mennesker i tusener* har *mennesker i tusenvis* med temmeleg lik tyding, er det rimeleg for språkbrukaren å slutte at ein parallelt med *tusener av mennesker* skal kunne ha *tusenvis av mennesker*. Dette er eit typisk døme på ekstensjon. I denne utviklinga kan ikkje ord på *-tal(l)* ha vore noko førebilete: Når dei står framfor artssubstantivet og har overflodstyding, endar dei på suffikset *-s*: *tusentalls mennesker*. Den preposisjonelle markøren (*av*, seinare òg *med*) ved kvantitativar er klart henta frå konstruksjonar med målssubstantiv i ubunde fleirtal.

Det er mogleg at denne ekstensjonsmodellen ikkje kan gje heile forklaringa. Det eine dømet som Hansen (1933) gjev, har eit subjekt i form av ein preposisjonsfrase: *i hundredvis af mennesker*. I ekstensjonsmodellen må noko ha gått gale når preposisjonen *i* har følgt med. Noko slikt er sjølvsagt ikkje utenkjeleg. Men truleg er grunnen at det har funnest fleire opphav til den nye konstruksjonen. Som det går fram av del 1, finst det døme på sekvensar som kan tolkast anten som éin eller to konstituentar, nemleg som [*i N-vis* [*av N*]] eller som [*i N-vis*] [*av N*]. Det gjeld (19), som er ein modernisert versjon av (81) i del 1.

- (19) Da krydde det fram [*i tusenvis*] [*av mus*].
- (20) Da krydde det fram [*i tusenvis* [*av mus*]].
- (21) [*Av mus*] krydde det fram [*i tusenvis*].
- (22) Da krydde [*musene*] fram [*i tusenvis*].

I utgangspunktet har ein her eit vanleg kvantitativt adverbial (*i tusenvis*) saman med eit adverbial (*av mus*) i ein funksjon som minner mykje om eit potensielt subjekt (jf. *Mus krydde fram*). At det kan dreie seg om to adverbielle ledd, kan ein sjå av (21) og (22). Det første adverbialet er semantisk knytt til det andre. Både lineært og semantisk ligg tilhøva vel til rette for syntaktisk reanalyse med omtolking til éin

konstituent, som vist i (20) – eit potensielt subjekt i den avvikande forma av ein preposisjonsfrase. Veggen herifrå er ikkje lang til at slike preposisjonsfrasar vert nytta som subjekt, som i dømet hos Hansen (1933).

Det er likevel neppe slik at reanalyse av denne typen er det einaste opphavet til bruk av kvantitativar i falske partitivar. For det første er setningskonstruksjonar med to adverbial som i (19) lite frekvente. For det andre kan ikkje reanalyse forklare kvifor preposisjonen *i* seinare har forsvunne, slik at *hundrevis av mennesker* er eit heilt normalt subjekt i moderne norsk, medan *i hundrevis av mennesker* ikkje er det. Slik eg vurderer det, er ekstensjon som skissert ovanfor det viktigaste opphavet, medan reanalyse først og fremst kan forklare avvikande preposisjonelle uttrykk der ein skulle vente nominale.

Bruken av *med* i falske partitivar, som *flokkevis med ulv* og *litervis med vann*, er av nyare dato, jf. del 1. Det kan neppe vere tvil om at denne bruken av *med* må sjåast i samanheng med bruken i andre falske partitivar, som *en flokk med ulv* og *tre liter med vann*.²² På same måte som *i* er *med* uttrykk for behaldarmetaforen for kvantitet. Asymmetrien mellom deltakarane (figur og grunn) er omsnudd (jf. innleiinga til avsnitt 11): Medan *i* står for tilhøvet art–mål (innhald–behaldar), står *med* for tilhøvet mål–art (behaldar–innhald).


12 Avslutning

Attåt substantivet *vis* og samansette substantiv der det er etterledd, har dei skandinaviske språka fått fleire nye ordtypar på *-vis* med varierende grad av produktivitet. Lite produktive er no klassane av deadjektivale modaladverb (som *sannsynligvis* og *heldigvis*) og essiviske adjektiv (som *forskuddsvis* og *avslutningsvis*). Som morfologiske konstruksjonar er ikkje desse sentrale i grammatikken, men begge inneheld fleire høgfrekvente einskildord, så leksikalsk er dei ikkje uviktige.

Produktive er derimot dei denominale distributive adjektiva (som *dråpevis* og *fylkesvis*) og den overflodsfleirtalsbøyinga av målssubstantiv som kvantitativane uttrykkjer. Dette er difor viktige nyutviklingar i skandinavisk grammatikk. Distributivane føyer seg inn i ei rekkje nye avleiingstypar som er lånte frå tysk, og er i det lyset ikkje noko særsyn. Men utviklinga av *-vis* frå substantivisk rot om adverbialt avleiingssuffiks til adjektivisk avleiingssuffiks skil seg ut som temmeleg kompleks.

Utviklinga av kvantitativane er den språkvitskapleg mest interessante delen av historia. Som kjent har bøyingsmorfologien i dei skandinaviske språka jamt over vorte redusert og forenkla i dei siste 1000 åra, med unnatak av framveksten av morfologisk bunden form av substantiv og av morfologisk passiv. Framveksten av ei ny form for bøying er såleis ei sjeldan hending. Utviklinga er særleg interessant fordi det dreier seg om ein type talbøyning som typologisk er svært sjeldan: overflodsfleirtal (*plural of abundance*), jf. Corbett (2000: 30–35) og Kinn (2005). Det er truleg at skandinavisk overflodsfleirtal er det første dømet på slik bøyning som her vert språk-historisk dokumentert og analysert.

Historia til dei ulike konstruksjonane med *vis/-vis* illustrerer eit komplekst samspel mellom lån og påverknad og ei rad reanalysar og ekstensjonar. Det er lett å konstatere at *-vis* har vorte grammatikalisert fleire gonger og i fleire retningar. Her har eg prøvd å avdekkje meir grunnleggjande endringsmekanismar og motivasjonar som ligg bak grammatikaliseringane. Eg har synt at både det adverbielle avleiingssuffikset, det adjektiviske (essiviske og distributive) avleiingssuffikset og det substantiviske bøyingsuffikset har vorte utvikla ved semantiske reanalysar, noko som i fleire tilfelle har sett i gang formelle endringsprosessar (t.d. endra syntaks og tap av preposisjon), dvs. aktualisering. I tillegg har ekstensjonar av ulike slag ført til bruk i fleire konstruksjonstypar (t.d. som attributt og i falske partitivar). Figur 12 gjev eit oversyn over retninga i dei historiske prosessane slik eg har analysert dei.



Figur 12. Oversyn over dei historiske utviklingane til *vis/-vis* (avl = avleiingssuffiks, bøy = bøyingsuffiks)

Notar

- 1 Eg bruker bokmål i konstruerte døme, i hovudsak fordi det er greitt å skilje mellom objektspråk og metaspråk.
- 2 Eg skal ikkje gå inn i diskusjonen om korleis ein bør definere omgrepet 'grammatikalisering'. Dei fleste vil nok vere samde i at utvikling av affiks frå røter er døme på fenomenet.
- 3 Omgrepet 'ekstensjon' er nært i slekt med 'analogi'. Eg vel å berre nytte 'ekstensjon' her.
- 4 DW nyttar kursiv i redaksjonell tekst. Når eg siterer derifrå, fjernar eg kursiveringa.
- 5 Det er mogleg at det ville vere rettare å tale om vagheit enn om polysemi. Kva ein vel å kalle det, er ikkje så viktig her.
- 6 Det høyrer likevel med i biletet at diftongen i høgtysk er noko som skil språket klart frå lågtysk først i tidleg nyhøgtysk tid (jf. Schmidt m.fl. 1970: 295–96) – endringa byrja i austerrik-

- ske målføre på 1100-talet og spreidde seg sakte nordover. Det er dermed ikkje klart at diftongeringa var fullt gjennomført i høgtyisk då skandinavisk byrja å låne ord på *-vis* frå tysk.
- 7 Ifølgje Jahr (1995) var skandinavisk og lågtysk på 1300- og 1400-talet så like at det kan vere nærliggjande å tale om dialektkontakt.
 - 8 Marquardsen (1908: 425) og Seip (1919: 39) nemner *ligervis*, som svarer til mellomlågtyisk *liker wise*, jf. MW (bd. 2: 692). Tamm (1899: 37) og Hellquist (1929: 699) reknar *korsvis* som eit (omsetjings-)lån frå mellomlågtyisk, men Ljunggren (1942: 128) peiker på at eit slikt ord ikkje er dokumentert i mellomlågtyisk.
 - 9 I moderne tysk uttrykkjer ein måte med preposisjonsfrasar med *in* (og dativ) eller *auf* (og akkusativ), t.d. *in merkwürdiger Weise / auf merkwürdige Weise* ‘på merkeleg vis’. Adverb som t.d. *merkwürdigerweise* ‘merkeleg nok’ uttrykkjer hovudsakleg modale tydingar. I motsetnad til i skandinavisk er den siste typen klart produktiv.
 - 10 Men der finst preposisjonslause adverbial som *massenweise* ‘i massevis’ som berre har overflodstyding, i tillegg til at ord som t.d. *eimerweise* ‘(i) byttevis’ kan ha overflodstyding i tillegg til den distributive.
 - 11 Men ein finn likevel eit slag falske partitivar der overflodsuttrykk utvitydig står prenominalt, som (*mit*) *eimerweise Wasser* ‘(med) byttevis med vatn’. I motsetnad til skandinavisk bruker ikkje tysk nokon preposisjon framfor artssubstantivet her. Ordet på *-weise* har normalt ikkje adjektivisk samsvarsbøying i denne konstruksjonen, så det er ikkje tale om vanleg adjektivering av adverb. Eg har ikkje funne nokon omtale av konstruksjonen i den tyske litteraturen; eg trur han må vere av temmeleg ny dato.
 - 12 Eg takkar éin av tidsskriftet sine konsulentar, som føreslo dette som ei mogleg forklaring.
 - 13 Traugott (1989) drøftar ei liknande utvikling for ein del engelske adverb på *-ly*, som *probably*, *evidently* og *apparently*. Til dømes kan *probably* på 1500-talet karakterisere måten noko vert sagt på (*you wrote so probably*, dvs. ‘believably’), medan det på 1600-talet har den moderne epistemiske tydinga, jf. Traugott (1989: 46). Traugott argumenterer mellom anna for følgjande allmenne tendens til semantisk utvikling: “Meanings tend to become increasingly based in the speaker’s subjective belief state/attitude toward the proposition” (Traugott 1989: 35) – dette er eit døme på såkalla subjektivisering (*subjectification*). Eg skal ikkje her ta stilling til i kva grad tendensen gjeld generelt. Men utviklinga av modale adverb på *-vis* er eit tilfelle av forskyving i retning av tydingar som er tufta på epistemiske og evaluerande vurderingar frå talaren si side. Så lenge t.d. *heldig* (*i på heldig vis*) skildrar måten ei hending foregår på, inneber det ei kategorisering av element i den eksterne skildra situasjonen, men ved *heldigvis* er karakteristikken fjerna frå den ytre verda.
 - 14 Det opphavlege genitivsuffikset på adjektivet i tilsvarende tyske uttrykk kan neppe seiast å vere nokon genitiv lenger (men eit bindeelement), så det opphavlege relasjonelle uttrykket har falle vekk her òg.
 - 15 Men samanveksinga er faktisk ikkje heilt fullført, jf. Kinn (2005).
 - 16 Essivar er ikkje-referensielle, og det same gjeld distributivane. Ved kvantitativar er tilhøva meir innfløkte, men spørsmålet om referensialitet er ikkje avgjerande for analysane her. Det viktige er at essivar, interndistributivar og kvantitativar kategoriserer ein referent som eit (anna) nominalt ledd i setninga gjev ei anna kategorisering av, slik at referenten til *greven* i (6) vert kategorisert både av dette substantivet og av essiven *gesandtsvis*, høvesvis som ‘greve’ og som ‘gesandt’. Det er dette som ligg i omgrepet ‘samkategorisering’.
 - 17 Føreleddet i essiven er i seg sjølv uspesifisert for tal; eintals- eller fleirtalstyding (eller -tolking, om ein vil) får ein idet det vert klart kva for referent essiven kategoriserer.
 - 18 Eg byggjer meir direkte på representasjonsformene i Kinn (2001). Analysane av fleirtal og av målssubstantiv er henta derifrå. Representasjonane her skil seg frå dei i Kinn (2001) og i Langacker sine arbeid ved at asymmetrien mellom deltakarane (*trajectory* og *landmark*, eller figur og grunn) i relasjonar ikkje er markert.

- 19 Det er ikkje alltid at det er semantisk samsvar i tal mellom dei to ledda. I ei (forelda) setning som *Han satte stolene i ringvis* vil føreleddet *ring-* kunne ha eintalstyding, sjølv om objektet *stolene* står i fleirtal.
- 20 Eg reknar med at samansetjing normalt inneber stammedanning med stammar som konstituentar, og ikkje orddanning med ord som konstituentar. Eventuelle bindeelement tek eg ikkje omsyn til her.
- 21 Døma er henta frå Dokumentasjonsprosjektet (<http://www.dokpro.uio.no/>) si samling av litt-rære tekstar: (14) er frå “Trøst mod Dødens komme”, *Sjælens Sang-Offer*, utgjeven 1678, (15) frå “En Aandelig Sang” same stad og (16) frå “Den Taare-gydende Synderinde”, *Taare-Offer*, utgjeven 1685.
- 22 Ved ein del målssubstantiv er *med* eit alternativ til *av*, jf. *en flokk av ulv* (attåt sidestilling: *en flokk ulv*), og ved andre er *av* meir eller mindre ugrammatisk, jf. **?tre liter av vann* (men: *tre liter vann*). Systemet for bruk av sidestilling, *med* og *av* i falske partitivar er svært innfløkt, jf. Kinn (2001).

Litteratur

- A-SD = Bosworth, Joseph, og T. Northcote Toller. 1898. *An Anglo-Saxon Dictionary*. Oxford: Oxford University Press.
- Bjorvand, Harald, og Fredrik Otto Lindeman. 2000. *Våre arveord*. Oslo: Novus.
- Corbett, Greville G. 2000. *Number*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Croft, William, og D. Alan Cruse. 2004. *Cognitive Linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- DW = *Deutsches Wörterbuch*. 1854–1954. Leipzig: Hirzel.
- Hansen, Aage. 1933. *Sætningen og dens led i moderne dansk*. Kjøbenhavn: Nyt Nordisk Forlag.
- Harris, Alice C., og Lyle Campbell. 1995. *Historical syntax in cross-linguistic perspective*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Heine, Bernd, Ulrike Claudi og Friederike Hünemeyer. 1991. *Grammaticalization*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Hellquist, Elof. 1929. *Det svenska ordförrådets ålder och ursprung*, bd. I: *Arvord*. Lund: Gleerup.
- Hopper, Paul. 1991. “On some principles of grammaticalization”. I *Approaches to Grammaticalization*, bd. I, red. Elizabeth Closs Traugott og Bernd Heine, 17–35. Amsterdam: Benjamins.
- Hurford, James R. 1987. *Language and Number*. Oxford: Basil Blackwell.
- Jahr, Ernst Håkon. 1995. “Nedertysk og nordisk: språksamfunn og språkkontakt i Hansa-tida”. I *Nordisk og nedertysk. Språkkontakt og språkutvikling i seinmellomalderen*, red. Ernst Håkon Jahr, 9–28. Oslo: Novus.
- Kinn, Torodd. 2001. *Pseudopartitives in Norwegian*. Upubl. doktoravh., Institutt for lingvistik og litteraturvitenskap, Universitetet i Bergen.
- . 2004. “*Stribevis af eksperter, drøsevis av sjansar, hinkvis med kaffe*: An emerging plural of abundance in the Scandinavian languages”. I *Proceedings of the 20th Scandinavian Conference of Linguistics, Helsinki, January 7–9, 2004*, red. Fred Karlsson. Helsingfors: Department of General Linguistics, University of Helsinki. Url: www.ling.helsinki.fi/kielitiede/20scl/Kinn.pdf.
- . 2005. “Ord på -vis i moderne norsk: samansetningar, avleiingar – og bøyingsformer?”. *Maal og Minne* 2005: 45–78.
- . 2007. “Den historiske utviklinga til ord på -vis. Del 1: Dokumentasjon”. *Maal og Minne* 2007: 9–28.
- Lakoff, George, og Mark Johnson. 1980. *Metaphors We Live By*. Chicago: The University of Chicago Press.

- Langacker, Ronald W. 1987. *Foundations of Cognitive Grammar*, bd. I: *Theoretical Prerequisites*. Stanford, California: Stanford University Press.
- . 1991. *Foundations of Cognitive Grammar*, bd. II: *Descriptive Application*. Stanford, California: Stanford University Press.
- Lichtenberk, Frantisek. 1991. "Semantic change and heterosemy in grammaticalization". *Language* 67, 475–509.
- Ljunggren, Karl Gustav. 1942. *Objekt och adverbial*. Lunds universitets årsskrift. N.F. Avd. 1. 38: 3. Lund: Lunds universitet.
- Marquardsen, Ida. 1908. "Der einfluss des mnd. auf das dänische im 15. jahrhundert". *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* 33, 405–58.
- MW = Schiller, Karl, og August Lübben. 1875–81. *Mittelniederdeutsches Wörterbuch*. Bremen: Verlag von J. Kühnmann's Buchhandlung / Verlag von Hinricus Fischer.
- Nissen, C.A. 1884. *Forsøg til en middelnedertysk Syntax*. Kjøbenhavn.
- Norde, Muriel. 2005. "Adverb och adjektiv på *-vis* i svenskan". I *Svenskans Beskrivning* 27, red. Gunilla Byrman m.fl., 233–245. Växjö: Växjö University Press.
- Ods = *Ordbog over det danske Sprog*. 1918–56. København: Gyldendal.
- OædS = Kalkar, Otto. 1881–1918. *Ordbog til det ældre danske Sprog*. København: Universitetsjubilæets danske Samfund.
- Paraschkehoff, Boris. 1976. "Zur Entstehungs- und Entwicklungsgeschichte der Bildungen auf *-weise* (Teil 1)". *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* [Halle] 97, 165–211.
- Schmidt, Wilhelm, m.fl. 1970. *Geschichte der deutschen Sprache*. Berlin: Volk und Wissen.
- Seip, Didrik Arup. 1919. *Låneordstudier*, bd. II. Kristiania: Aschehoug.
- Skautrup, Peter. 1947. *Det danske sprogs historie*, bd. 2. København: Gyldendal.
- Starke, Günter. 1973. "Beiwörter auf *'-weise'*". *Sprachpflege* 1973/7, 140–44.
- Tamm, Fredrik. 1899. *Om ändelser hos adverb och arkaiskt bildade prepositionsuttryck i svenskan*. Skrifter utgivna af K. Humanistiska Vetenskapssamfundet i Upsala. VI. 9. Upsala: Almqvist & Wiksell.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania: Aschehoug.
- Traugott, Elizabeth Closs. 1989. "On the rise of epistemic meanings in English: An example of subjectification in semantic change". *Language* 65, 31–55.
- Western, August. 1921. *Norsk riksmåls-grammatikk*. Kristiania: Aschehoug.

Torodd Kinn
 Universitetet i Bergen
 Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
 Sydneplass 7
 NO-5007 Bergen
 torodd.kinn@lle.uib.no